

Praksisplan Tu skule

Skuleåret 2026/2027




xcvbnmqwert "Tu skule, det er oss, vil læra meir og ha lek og lått"

ref. Tu skule songen

*dfghjklzxcvbnmqwert yuiopasdfghjklz
xcvbnmqwert yuiopasdfghjklzxcvbnm*

Innhald

Velkommen til Tu skule	3
Om skulen vår.....	3
Oversikt over nøkkelpersonar for praksisperioden:	4
Innhald i praksisperioden	5
Variert praksis	5
Rettleia praksis	5
Vurdert praksis	6
Læringsutbytte.....	6
Tverrgåande perspektiv	7
Rammer for praksis.....	8
Skikk og bruk	8
Denne planen er forankra i:.....	8



Velkommen som student til Tu skule

Me gler oss til å ta imot nettopp deg som praksisstudent i år. Det vil bli både givande og lærerikt for oss, og me ønskjer at det vil føra til god læring for alle. Me vil at du skal få møta ein skule med høg kvalitet på alle plan, med hovudfokus på borna og deira læring. Du vil få oppleve god og variert læring i trygge omgivnader!

Våre praksislærarar vil ha eit hovudansvar for å støtta og vurdera dine moglegheiter for arbeid som framtidig lærar. Praksislærar vil dermed gi deg ei rettleiande, vurdert og variert praksisopplæring.

Tilsette ved Tu skule ønskjer å framstå som gode og trygge førebilete, både som tydelege klasseleiarar, bevisste pedagogar og hyggelege kollegaer. Det vil samstundes vera gode moglegheiter for å observera ulike lærarroller og læringssituasjonar, som kan gi deg ytterlegare eigenutvikling og forståing av deg sjølv som lærar.

Intensjonen med denne planen, er å visa korleis Tu skule tilpassar seg dei nasjonale føringane i rammeplan- og retningslinjer for grunnskolelærarutdanninga, og studieprogramplanen frå UIS. Planen skal danna eit grunnlag for å laga gruppebaserte planar til kvar enkelt praksisperiode, som du skal få vera med å utarbeida saman med praksislærar.

Tu skule er ein PALS-skule. Det vil seie at me følgjer eit haldningsprogram der me har fokus på positiv åtferd, støttande læringsmiljø og positiv samhandling (PALS).

Visjon: Med blick for alle!

Verdiar: Respekt, omsorg, ansvar og lærelyst.

Visjon og verdiar byggjer på PALS verdiane våre; respekt, ansvar og omsorg.

På vegne av Tu skule vil me få ønskja deg velkommen, og ønskjer deg alt det beste for ein god praksisperiode ved skulen vår.

Helsing

Alle tilsette ved Tu skule

Om skulen vår

Tu skule er ein barneskule som er lokalisert sør i Klepp kommune, i Bryne by. Bryne har 1000 av sine innbyggjarar i Klepp kommune, og Tu skulekrins omfattar Tjøtta, Kåsen, Tu, Hauge og Braut. I januar 2015 flytta me inn i det me sjølv tenker er Norges beste skulebygg.



Skulen ligg i flotte omgivningar ved Kåsenhallen, med kort veg til Bryne og dei moglegheitene som er der med blant anna Sandtangen (turområde) og Garborgsenteret.

Skuleåret 2026/2027 har skulen eit elevtal på ca 200 elevar. I det vaksne miljøet er det ca 30 tilsette, inkludert dagleg leiar SFO, lærarar, assistentar, lærlingar, miljøterapeutar og administrasjonen. Administrasjonen består av rektor, to avdelingsleiarar og konsulent. Skulen har nynorsk som målform.

Oversikt over nøkkelpersonar for praksisperioden:

Praksislærar:	Linda Høyland	95921522
	Ine Hodne	95103862
	Siv-Helen Ueland	97588172
	Gerd-Torill Hegre Berg	92688771
Rektor:	Vibeke Sola	402 88 726



Innhald i praksisperioden

Variert praksis

På vår skule ønskjer me at studentar og skulen saman skal arbeida for å få ein variert praksis. Du blir knytt til ein praksislærer, samstundes som du skal få vera til stades og observere hjå andre lærarar ved skulen, for å erfare variert lærararbeid. Me ønskjer at du skal få arbeida saman med praksislærer og studentar, og starta der du er, ut frå tidlegare utdanning og erfaring. Avhengig av kvar du er i utdanningsløpet, skal du delta i ulik grad i læringsarbeidet på skulen vår. I samråd mellom deg og praksislærer vil ansvarsområda dine i praksis bli utvida, slik at du får ein tilpassa progresjon. På denne måten får du høve til å auka kunnskapen, og utvikla ferdigheiter og generell kompetanse innanfor læraryrket. Dette er verktøy som gjer deg i stand til å vera ein god lærar på vår skule.

Du skal:

- Observera kva som skjer i løpet av ein arbeidsdag saman med elevar og kollegaer.
- Planleggja, gjennomføra og evaluera delar av eller heile undervisningsøkter ut frå den didaktiske relasjonsmodellen.
- Prøva ut ulike arbeidsmetodar i samhandling med elevane, til dømes stasjonsundervisning, ulike par, gruppearbeid, individuelt arbeid, drama osv.
- Vera lærar til ei mindre gruppe elevar, som du skal følgja sosialt og fagleg.
- Ta del i vurdering av elevarbeid og vurdering av undervisningsøkter. Me nyttar oss av prinsippa for vurdering for læring, og dette skal du få prøva ut i klasserommet. Arbeid som elevar gjer, skal vurderast etter kvart, og dei skal få framovermeldingar både munnleg og skriftleg.
- Vera ein del av kollegiet og delta i PU-økter (pedagogisk utvikling), trinnmøter og eventuelt andre møter.
- Delta i vaktordning.
- Vera med på andre arenaer knytt til skulen; dette kan til dømes vera foreldremøte, utviklingssamtale, utviklingsgruppe, møte med PPT, barnevern og tverrfagleg refleksjon.
- Kursing innanfor læringsteknologi, PALS, vurdering for læring og andre ting me ser på som viktig på skulen vår.
- Prøva ut skulen sine læremiddel, konkretiseringsmateriale, interaktive tavler og læringsbrett.

Rettleia praksis

Praksisen du har på vår skule skal vera rettleia. Saman med praksislærer skal du og dine medstudentar laga ein gruppebasert praksisplan, der innhaldet for praksisperioden skal bli tydeleggjort. I førekant av undervisningsøktene får du rettleiing på dei didaktiske planane du har utarbeida åleine, saman med medstudentar eller med praksislærer. Det vil også bli gitt rettleiing undervegs i førebuingssprosessen, og i etterarbeidet av timane. Du vil få rettleiing ut frå korleis du fungerer i samhandling med elevar og kollegaer.

Vurdert praksis

Arbeidet du gjer i praksis vil bli vurdert, og du får tilbakemeldingar på kva du meistrar og kva utfordringar du har å jobba vidare med. Me ønskjer at denne tilbakemeldinga skal vera kontinuerleg, og ein del av rettleiingstimane. Målet er at du skal få framovermeldingar som du kan bruka når du og dine medstudentar planlegg nye undervisningsøkter eller anna lærararbeid.

I tillegg til den vurderinga praksislærar gir, skal du også få vurdere deg sjølv og medstudentar. Her vil du også nytta prinsipp frå vurdering for læring.

I praksisperiodane vil kvar student få individuelle rettleiingstimar, der me saman ser på kva mål du og dine medstudentar skal arbeida mot. Praksislæraren vil ha ein samtale med deg i god tid før praksisperioden er slutt dersom det er nokre av måla i praksisen du har problem med å nå. Saman vil me laga ein plan for korleis desse måla kan bli nådd.

Midt i praksisperioden er det midtvegsvurdering, der du, dine medstudentar og praksislærar deltek. På slutten av perioden på Tu skule vil du få ei avsluttande vurdering, med ei framovermelding. Det blir gitt ei summativ vurdering i slutten av praksisperioden (bestått/ikkje bestått). I tillegg får du ei formativ vurdering som kan hjelpa deg i framtidige praksisperiodar.

Me legg vekt på at du skal få **Variert**, rettleia (**Veileda**) og **Vurdert** praksisperiode der de opplever progresjon i forhold til eiga utvikling.

Innhaldet vil variere ut frå kor langt du er komen i eiga utdanning. Saman skal me hjelpa kvarandre med å knyta saman teori og praksis med felles målsetting om å leggja best mogleg til rette for læring både for deg som student, elevane og lærarane her på Tu.

Me ønskjer saman med deg å skapa praksisperiodar som kan gi gode vilkår for utvikling i lærarrolla og ein praktisk yrkest teori.

Læringsutbytte

Me vil leggja til rette for at du når måla for læringsutbytte i samsvar med rammeplanen for grunnskulelærarutdanninga 1-7.trinn og 5-7. trinn. (Rundskriv F-05-10).

Hovudfokus for deg som **1. års student** vil vera **lærarrolla** på hausten og **elevrolla** om våren. Lærararbeidet og den faglege tilrettelegginga for elevane står sentralt. PALS vil vera ein naturleg del av skulen sitt arbeid i arbeid med lærarrolla. Det vil vera ekstra ekstra fokus på korleis lærarrolla er i eit teknologirikt klasserom. Du vil få erfaring med fagleg tilrettelegging, arbeid med dei grunnleggjande ferdigheitene og . Det vil vera naturleg å diskutera elev- og lærarrolla ut frå ny læreplan (Kunnskapsløftet 2020).

I **2. Studieår** er det fokus på enkelteleven, elevmangfaldet og eleven sitt møte med skule og fag. Det vil vera spesielt fokus på tilpassa opplæring.

I ditt **3. og 4. studieår** vil du saman med oss arbeida vidare med tema frå 1. og 2. året samstundes som me ser på **skulen som organisasjon** og det profesjonelle læringsfellesskapet. I tillegg vil me ha fokus på samarbeid med føresette og andre sentrale instansar i og utanfor skulen.

Tverrgående perspektiv

I praksisperiodane vil du møta dei tverrgående perspektiva i alle fag.

1. Danning

Me er ein PALS-skule. Mykje av vårt verdisyn er forankra her. Lærarar og andre tilsette er gode rollemodellar, og alle tilsette ved skulen er forplikta til å fylgja PALS-programmet i samhandling med elevane. Me arbeidar kontinuerleg for danninga til elevane. Skulen har eigen plan som fortel korleis skulen arbeider for eit trygt og godt skulemiljø.

2. Grunnleggjande ferdigheiter

- **Munnleg ferdigheit**
- **Digital ferdigheit**
- **Å kunna rekna**
- **Å kunna skriva**
- **Å kunne lesa**

Me vil koma innom alle dei grunnleggjande ferdigheitene i løpet av praksisperiodane.

3. Vurdering

Du vil få erfaring med korleis me arbeider med **vurdering for læring** og sjølv prøva dette ut i elevane si læring og utvikling. «Den gode økta» og showbie er to viktige komponentar i dette arbeidet på Tu.

4. Tilpassa opplæring

Du vil få erfaring med tilpassa opplæring gjennom lekser/oppgåver, variert undervisning og ulike appar på læringsbrett, ulike undervisningsmetodar og organisering, kompensierende hjelpemiddel på læringsbrettet, tilpassa læreverk osv.

Rammer for praksis

Me har følgjande rammer me held oss til:

- 20 t/veka til undervisningsrelatert arbeid. Det vil seia timar du skal vera til stades i klasserommet saman med elevane. Denne tida skal brukast til observasjon, lærarstyrt aktivitet, rettleiing av elevar og undervisning i grupper av ulik storleik.

- 10-15 t/veka til ulike former for læring og rettleiing. Denne tida blir brukt til orientering om skulen si verksemd, deltaking i møte og teamsamarbeid, andre fora for samarbeid, samt rettleiing enkeltvis og i gruppe. Det er laga ein plan over kva du skal få orientering om på dei ulike nivåa i utdanninga.

Du og dine medstudentar vil få eige arbeidsrom/grupperom og tilgang til læringsbrett.

Skikk og bruk

- Me møter på arbeidsplassen seinast klokka 08.00 kvar morgon.
- Studentar held seg oppdatert ved å sjekke vaktlista på onenote eller utskrift frå praksislærar.
- Eventuelt fråvær skal meldast til skulen seinast mellom kl. 07.17 på telefon 901 39 724 (avdelingsleiar Bjørg på hausten), 982 50 998 (avdelingsleiar Børge våren) eller direkte til praksislærar.
- Arbeidstida er frå klokka 08.00 – 15.30.
- Me kler oss anstendig.
- Me omtalar ikkje elevar høglydt på personalrommet.
- Alle som skal ha undervisning går til klasseromma før det har ringt.
- Ingen forlét skulen sitt område i arbeidstida utan at det er avtala.
- Det er røyke- og snusforbod på skulen sitt område.
- Alle må ha med nødvendig utstyr /klede /sko (til utedag, symjeundervisning o.l.)
- Mobiltelefon skal vera på lydlaus og usynleg i undervisning, samarbeidsøktar og rettleiingssamtalar.
- Alle ryddar etter seg.

Denne planen er forankra i:

- «Nasjonal forskrift om rammeplan for grunnskolelærerutdanningene».
- «Nasjonale retningslinjer for grunnskolelærerutdanningene 1.-7.trinn/ 5.-10. Trinn».
- Studieprogramplan UiS, 1.-7.trinn og 5.-10.trinn.

Denne planen dannar grunnlag for dei gruppebaserte planane.

Vedlegg 1 Sjekkliste for praksis på Tu skule

Informasjon om:		Kven (vert ajourført august kvart år)
Praktisk hjelp /god start	Nøklar, kort, alarmer og dører	Konsulent Ann Tjåland
	Innleiane ”bli kjend samtale” Tema: skulen sin visjon/satsningsområde /utviklingsarbeid/ teieplikt	Rektor Vibeke Sola
	Samarbeidsutvalet, FAU, foreldrekontaktar, foreldremøte, samarbeid med heimen	Vibeke Sola
	Tilrettelegging for bruk av IKT. Opprette brukartilgang	IKT koordinator Johansen Thunestvedt Ann Tjåland
	Kopimaskin	Ann Tjåland
	Bibliotek	Ann Tjåland
Barn med spes. behov/ sosialpedagogikk	Spesialpedagogikk. Elevar med spesielle faglege behov	Björg Østrem Murberg
	Kort innføring oppmelding andre instansar: <i>Pedagogisk psykologisk teneste (PPT)</i> <i>Sakkunnig tilråding- Enkeltvedtak</i> <i>Individuell opplæringsplan (IOP)</i> <i>Ansvarsgruppe – støtteteam</i> <i>Barne og ungdomspsykiatri (BUP)</i>	Björg Østrem Murberg
	Elevar med spesielle sosiale behov.	Miljøterapeut Hilde Johanne Ueland
	Positiv atferd, støttende læringsmiljø og samhandling - PALS	Hilde Johanne Ueland
	Forebyggjande tiltak om psykiske vanskar	Hilde Johanne Ueland
	Aggression, replacement, training- ART	Hilde Johanne Ueland
Støtte- funksjonar	Psykiske vanskar, PIS-grupper	Hilde Johanne Ueland
	Overgangar- Barnehage-skule og mellomtrinn- ungdomstrinn	Hilde Johanne Ueland Björg Østrem Murberg
	Leksehjelp	Børge Finnbakk
	HMS og brannvern	Børge Finnbakk
	Verneombod	Torben Nilsen
	Informasjon om skulefritidsordninga SFO	Silje Jørgensen Anzjøn
Fag	Lesing / norsk	Gerd Torill Hegre Berg
	Rekning/matematikk	Torben Nilsen
	Engelsk	Ine Hodne
	Musikk	Björg Line Furland
	Kunst og handverk	Siv Helen Ueland
	Mat og helse	Marie Kårstad
	Kroppsøving	Linda Høyland
	Naturfag	Ine Hodne
	Samfunnsfag	Praksislærer
	KRLE	Praksislærer
Særskild norskopplæring	Kontaktlærarar	

Informasjon om:		Kven
Grunnleggjande verktøy for undervisning	Grunnleggjande ferdigheiter	Praksislærer
	Klasseleiing	Praksislærer
	Arbeidsmåtar	Praksislærer
	Ulike vurderingsformer	Praksislærer
	Danning	Praksislærer
	Fleirkulturelt perspektiv	Praksislærer
	Vurdering for læring	Praksislærer
	Tilpassa opplæring	Praksislærer
	Interaktive tavler	Sigurd Johansen Thunestvedt
	Læringsbrett, skaparverkstad	Håvard Mikalsen

